

NATUR OG KULTUR

Der ingen skulle tru at nokon kunne bu



Foto Guro Lien

I DAG BUR DET rundt 150 menneske i ei av dei høgastliggjande fjellbygdene i landet: Møsstrand. Rundt 40 av dei bur veglaust, og fleire driv gard med husdyr. Bilvegen sluttar på Varland, der "vassvegen" over Møsvatn startar. Herfrå er det 3 mil til den innlengste garden. Vegmangelen gjer at mange møsstrendingar lever av transport med båt og snøskuter, i tillegg til reiseliv, jakt, fiske og gardsdrift. For dei som bur veglaust, er vatnet vegen heile året, uansett om det er ope eller islagt. Under isløyting og islegging vår og haust, kan det gå fleire veker mellom dei får post eller er på butikken. "Møsstrand sentrum" er Hovdøyi med kyrkje og tidlegare internatskule (1869-2001). Skulen er nedlagt, og borna på Møsstrand går på Rauland skule. Kyrkja, som er den høgastliggjande soknekyrkja i Noreg, er framleis i bruk.

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?

RØSSLYNG:

Viktig mat for hjortedyr om vinteren. Lirype et unge skot og frø.

Foto: Guro Lien

NATUR OG KULTUR

Kvifor bygge ei kyrkje på ei øy?



foto Guro Lien

Møsvatn 900 - 918,5 moh

SVARET ER ENKELT: Då kyrkja blei bygd, låg Hovden på fastlandet. Møsvatn var tre små vatn. Etter vasskraftreguleringa rundt 1900 auka vasstanden, og Hovden blei omkransa av vatn. Møsvatn er kraftig regulert med 18,5 m frå 900 til 918,5 moh. Vasskraft frå Møsvatn danna grunnlaget for industrien på Rjukan. Oppkjøparar for Norsk Hydro reiste rundt for å kjøpe gardar langs med vatnet. Ein slik oppkjøpar kom til Argehovd, fjellgarden du ser frå Kvennavegen. Han ønskte å kjøpe garden for å legge Kvenna og Argehovdfossen i rør og produsere vasskraft. Nils og Olav Argehovd forlanga ein million. Fekk dei ikkje det, "kan fosse renne som'n heve ronne", sa dei. Og det gjer den. I dag er Kvenna verna mot utbygging, og du kan framleis nyte fossebruset som Nils og Olav naut det for hundre år sidan.

Layout: Nina Akearsveen / Trykk: Erik Tanché Nilsen as



Vandreregionen

www.vandretelemark.no

www.visitrauland.com

Ansvarleg utgivar er VTNU AS og Vinje kommune med støtte frå



1,9 KM RUNDTUR / 30 MINUTTER

LETT TUR →

Møsstrand – Telemark

TURMÅL Kvennavegen

TEMA Vandring i veglaus bygd



foto Guro Lien

TURVEG AV MALMFURU:

Gå tørrskodd over myrene på furu impregnert på naturen sitt vis.


Foto: Guro Lien

FJELLVÅK: Den vanlegaste rovfuglen på vidda. Kanskje du ser ein ved Argehovda, fjellet bak Argehovd? Foto: Kjell Bitustøy

BLÅSTRUPE:

Vårens vakraste song?

Foto: Kjetil Hansen



Om turen

LETT RUNDTUR på barnevognvenleg grus- og plankeveg til svaberg og badeplass ved Kvenna. Flott utsikt mot fjellgarden Argehovd, som ligg ved foten av Hardangervidda. Lær om livet på Møsstrand gjennom tidene på infotavler undervegs. Lytt til "snakkestolpen", som fortel deg om livet her i dag.

DU STARTAR TUREN ved Mogen turisthytte, og følger bygdevegen mot Argehovd. Etter brua over Hellegjubekken, tek du til venstre på ein grusveg som går langs bekken. Etter om lag 100 m tek du til høgre på turvegen mot Kvenna. Derfrå følgjer du svaberga langs elva, før du tek til høgre og går tørrskodd på plankevegen over myra, som endar opp på bygdevegen. Følg bygdevegen tilbake til Mogen.

Køyreforklaring

37 Rjukan 45

Start i Rauland sentrum. Følg rv 37 i retning Rjukan.

Mogen

Etter 26,5 km ta av til venstre mot brygga på Skinnarbu.

P

Parker på brygga. Betal p-avgift (kontant) i kasse og legg kvittering synleg i bilen. (GPS: N59°48.982' E008°18.769')

Ta rutebåten Fjellvåken II til Mogen turisthytte, der fotturen startar.

Rutetider: www.visitrauland.com

BØKER OM OMRÅDET SOM ER MULIG Å KJØPE:

Øystein Kostveit (2007)

Fjellbygdi ved Møsvatn

– historiske glimt,

Johan Vaa (2009)

Langs Kvenna – før og no.



DET GÅR AN PÅ RAULAND

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beitande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!

Kart:
Lågaros 1515 III 1: 50 000
Hardangervidda Sør-Øst 1: 60 000

NB:
Hugs drikkje,
vindjakke og badetøy



Tilgang:
slutten av juni - tidleg september
940 moh



Målestokk 1 : 50 000 Ekvidistanse 20m = utsiktspunkt

= merkt sommarløype

